
Saksnr: 2020/75546-5
Saksbehandlar: Lars Erik Lunde

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.05.2021

Fylkesveg - fordeling av planleggingsmidlar 2021

Forslag til vedtak

Løyvinga til planprosjektet Fv. 609 Heilevang vert auka med 3,1 mill. kr i 2021.

Samandrag

Planprosjektet fv. 609 Heilevang (skredsikringsprosjekt i Sunnfjord kommune) har behov for ei auke i løyvinga for å slutføre arbeidet med reguleringsplanen. Planprosjektet har vore meir omfattande enn det som var lagt til grunn i budsjettet. Fylkesdirektøren tilrår å nytte resterande del av ufordelte planmidlar til å auke løyvinga til prosjektet med 3,1 mill. kr.

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Einar Kvam
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I sak 110/2020 Fylkesveg - fordeling av planleggingsmidlar 2021 vart det sett av 4,1 mill. kr i ufordelt løyving til seinare fordeling. I sak 29/2021 gjorde hovudutval for samferdsle og mobilitet vedtak om å løyve 1 mill. kr av den ufordelte løyvinga til eit forprosjekt for Roadcap fv. 49.

Planprosjektet fv. 609 Heilevang (skredsikringsprosjekt i Sunnfjord kommune) si løyving i 2021 er 2,5 mill. kr, jf. fordeling i sak 110/2020. Prosjektet hadde eit meirforbruk i 2020 på 2,3 mill. kr som gjer at tilgjengelege midlar til prosjektet i år er 0,2 mill. kr. Prosjektet treng ei auke i løyvinga for å slutføre arbeidet med reguleringsplanen.

I denne saka gjer fylkesdirektøren framlegg om å nytte den resterande delen av den ufordelte løyvinga til planlegging på 3,1 mill. kr til å dekkje meirbehov på planprosjektet fv. 609 Heilevang i 2021.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for samferdsle og mobilitet har mynde til å disponere ufordelte løyvingar innanfor sitt arbeidsområde, jf. Budsjettreglementet pkt. 3.5.6.

Vurderingar og verknader

Omfanget i planarbeidet har vore meir omfattande enn det som var lagt til grunn i budsjettet. Det har vore nødvendig å gjere vesentlege endringar i vegløyvinga i høve til det som føresette i forprosjektet frå 2016. For å kunne velje riktig alternativ på austsida er det utarbeidd ein eigen silingsrapport og prosessen kring dette har forlenga planarbeidet og auka omfanget av geologiske- og geotekniske undersøkingar (seismikk og grunnboring).

For å slutføre arbeidet med reguleringsplanen er det behov for å auke løyvinga til prosjektet. Vi legg opp til at reguleringsplanen kan vere godkjent i løpet av hausten 2021.

Økonomi: Saka omhandlar fordeling av løyving til planprogram for 2021 budsjettet.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at løyvinga til prosjektet fv. 609 Heilevang vert auka med 3,1 mill. kr for å dekkje meirbehovet på prosjektet.